



MANGFALDSERKLÆRING

VOSS HERAD

I tråd med «Regjeringa sin handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfold 2023-2026» skal Voss herad jobba for å fremja eit samfunn prega av respekt, likeverd og inkludering for alle, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet eller seksuell orientering.

I Voss herad skal me ha eit trygt og inkluderande lokalsamfunn der alle kan vera opne om sin identitet.



Voss herad

Målsetting

Gjennom målretta arbeid med kunnskapsdeling, dialog og tilrettelegging skal me skapa eit rausare og meir mangfaldig samfunn der alle føler seg trygge, frie og velkomne.



Me når måla ved å

- sikra at mangfold og inkludering er integrert i kommunale strategiar og planverk
- tilby opplæring om kjønns- og seksualitetsmangfold for tilsette og frivillig lagsliv
- normalisera mangfold og ulike formar for familievariasjonar i barnehage og skule
- implementera kjønnsnøytrale og likestillingsfremjande tiltak i offentlege tenester
- skapa trygge møteplassar for alle, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet eller seksuell orientering
- førebyggja og motverka bruk av krenkande ord i skule og fritid

Skulane i Voss herad skal markera mangfaldsarbeidet i heradet ved å flagga med Regnbogeflagget fyrste skuledag i juni kvart år.

Erklæringa vart vedteke i Voss heradstyre 22.mai 2025

Voss heradsstyre v/ ordførar

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Janne Djones Stokke" over a blue horizontal line.

Voss herad v/ rådmann

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Marte Hegg" over a blue horizontal line.